

Kyrkjebladet for VAKSDAL

77. ÅRG. / NR. 4 - 2023

Julesong

Sjå ljoset frå Himmelen strålar,
over hyrdeeng julekvelds natt.
Og englane syng om den gleda, at
du føddest vår dyraste skatt.


Kom lat oss til Betlehem ganga,
fylja ljoset frå stjerna so klår.
Der finn me deg Jesus vår broder,
som kviler i ringaste kår.

Me har ikkje glitrande skattar,
me har ikkje gaver med, men som
hyrdane kjem me i undring, og
kneler ved krybba di ned.

Kom lat oss med englane syngja,
i jublende lovsong og pris.
For himmelens konge i stallen,
som kom ifrå Guds paradis.

Lat julenattsongen no tona,
om frelsa og fred på vår jord.
Kom inn i vår hjertakrybbe,
kjær Jesus, Guds son og vår bror.

*Einar Magne Straume
Desember 2009*



*HA EI GOD
ADVENTS -
OG JULETID!*

Nye sokneråd
Side 6-7

Julekonsertar med
Bad Brooks **Side 4**

vegen-sidene
Side 8-13



DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold
Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeistar Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.

Prestane har tieieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på www.kyrkja.no/vaksdal

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Sørdalsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Gruvevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 26. februar 2024.

Bilete på framsida: Illustrasjonsbilete fra Pixabay.

Ein vanleg haustdag i september

Denne leiaren pleier ofte å handle om den årstida me går inn i. På desse tider pleier eg å skrive om jul, advent, glede og forventning. Glade born på veg til skulegudsteneste, adventskonsert, juleavslutningar og alt anna som høyrer jula til. Men eg lyt sei at denne jula er det ikkje like lett å sjå fram til alt det fine.

Menneske som styrer over folk og statar har bestemt seg for at det ikkje lenger er lurt å prata ilag. Nei, det einaste som løyser dette er å skyta på kvarandre, ta gislars, la uskuldige sivile døy i gatene. Bileta som har komme fyrst frå Israel, og no frå Gaza er så hjarteskjærande at eg ikkje får det vekk frå netthinnna. Fyrst Jødiske kvinner og born som er lemlest og halshogde, og så palestinske born som er sprengt i filler. For no har sanninga ingen grenser lenger, det er ingen som kan filtrera inntrykka for oss. Nei bileta renn inn på sosiale medium, heilt utan filter, ingen programvert som åtvarar mot sterke inntrykk.

Krigen fortsett på sosiale medium, og no er det ikkje folk i Gaza eller Isreal lenger, no er det oss. No skal frontar skapast, og du må velja kven du støtter! Me klistrar villig opp palestinske flagg, eller israelske flagg på våre profilar. Gjev vår høgrøysta støtte til den eine eller andre sida. Me snakkar om okkupasjonsmakt, historiske rettar, retten til å forsvara seg, at krigen må vera forholds messig(Kva no det eigentleg er).

«Jammen du kan ikkje være nøytral, du må velje ei side, dette er for følt til at me kan stå stille og sjå på», seier dei. Eg er svært usikker på om det å velja side er lurt, eller om me berre heller meir bensin på eit altfor stort bål.

Så kanskje det er difor me skal tillate oss og sjå fram til alt det fine. Halde godt rundt dei som er nære og kjære. Takka for at me bur her me bur, og at me har det så bra som me har det.

God jul!

Bjart-Magnus N Rosvold
Kyrkjeverje i Vaksdal

Fellesrådsleiar t.o.m. 30. november:

Var ikkje valt då bladet skulle trykkjast.
Fellesrådet kan kontaktast via kyrkjeverja.

Soknerådsleiarar t.o.m. 31. oktober:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rølland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stammesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Bjørgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Vaksdalposten

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf 99 21 42 00

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader fra 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal



EI STRIME AV VON

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med

stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman.

Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synter seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

*Av biskop
Ragnhild Jepsen*



Julekonsertar med

Før jul vert det country-konsertar i tre av kyrkjene i Vaksdal!

Då held bandet Bad Brooks konsert på Stamnes, Vaksdal og Dale. Bandet er leia av Joakim Einelund, som bur på Stamnes. Kyrkjebladet har slått av ein liten prat med han.

Kven er Bad Brooks?

- Bad Brooks er artistnamnet mitt sidan 2019, då eg sette saman eit band både med musikkarar eg hadde spela med før og nokre heilt nye. Då me starta hadde me ei øving før me same dagen varma opp for ein konsert med Vestlandsfanden.

- Me er det mest framstormande countryrockbandet no for tida, og reiser rundt både i Noreg og Europa elles. Og når eg seier framstormande er det og fordi det er ikkje så mange slike band som oss no, seier Joakim med eit smil. Og for dei som lurar på kva namnet tyder:

- Namnet viser til at me i starten spela musikk av countryartisten Garth Brooks. No skriv eg meir av musikken sjølv, men har likevel valt å halde på namnet.

Og kven er Joakim?

- Eg vaks opp på Sotra og er 30 år i år. Ja, eg fyller faktisk 30 på julafstan! Musikk har eg halde på med musikk heile livet, men tidlegare spela eg mest áleine på pubar. Joakim møtte for nokre år sidan Silje, ei Stanghelle-jente som

budde på Stamnes, og flytte inn til ho. Og i fjor gifte dei seg.

- I februar tek eg ein pause med Bad Brooks, for då skal eg på turne som oppvarmar for Brad Paisley. Då skal eg spele saman med Scott Scovill. Han er ein av dei store innan countrymusikken, og står mellom anna bak videoane til Shania Twain og Alan Jackson, og har tidlegare spela med David Bowie og Rolling Stones.

Kvifor julekonsertar i kyrkjene våre?

- Det var der me gifa oss og der har me døypt dottera vår. Og då det har blitt mykje reising i Noreg og Europa skal det bli godt å få ha konsertar i nærområdet. Me startar turneen her i Stamnes kyrkje. Det skal bli kjekt å møte folk i Stamnes-bygda og dei andre stadene i Vaksdal og gje dei høve til å høre musikken min her.

- Me kjem til å spele ein del kjende julesongar i country-versjon, men også spele kjende countryklassikarar elles.

Bad Brooks skal også spele i Sund og på Voss før jul.

Bandet har ei heimeside: www.badbrooks.com. Dei er også å finne på Facebook og Instagram.

Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe

Bad Brooks



Julekonsertar: Joakim Einelund og bandet hans Bad Brooks held julekonsertar i tre kyrje før jul.

JULE-
VERKSTAD
VAKSDAL
BEDEHUS



**Laurdag 2. desember kl. 11.00 er det
juleverkstad for born i Vaksdal bedehus**

Her lagar me fine ting til jul.

Tilbodet er gratis, soknerådet spanderer, og borna får det dei har laga sjøve med seg heim.

Mange av tinga me lagar er dei same frå år til år. Det gjer ikkje noko. Nytt av året er å laga fuglar med fjør til å henge på juletree. Dei lagar me av silkeleire som ikkje soler og ikkje fargar av.

Det er andakt ved presten. Så vert det og noko godt å eta. Me er ferdige om lag kl. 14.00.

Konsertar i kyrkjene fram mot jul

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Det kan kome endringar og tillegg, så fylg med på plakatar, annonsar og Facebook.

Fredag 8. desember

Stamnes kyrkje kl. 19.00

Konsert med Bad Brooks. Sjå eigen annonse.

Laurdag 9. desember

Vaksdal kyrkje kl. 17.00

Adventskonsert/salmekveld med ved Kilden og Ruben Gjertsen. Me synger salmer for advent og jul. Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Onsdag 13. desember

Dale kyrkje kl. 13.00

Lucia-konsert med barnehagane på Dale og Stanghelle.

Torsdag 14. desember

Vaksdal kyrkje kl. 19.00

Konsert med Bad Brooks. Sjå eigen annonse.

Fredag 15. desember

Dale kyrkje kl. 19.00.

Konsert med Bad Brooks. Sjå eigen annonse.

Søndag 17. desember

Nesheim kyrkje kl. 11.00

Adventskonsert med Hege Anita Tveito, Øystein Haga, Ellen Marie Selland, Angun Sønnesyn Olsen og Frode Vik.
Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.

Stamnes kyrkje kl. 16.00

Adventskonsert med Blanke Messingen, Hege Eide Vik, Sunniva Gammersvik med elevar og Ruben Gjertsen.
Kollekt til kyrkjemusikalsk verksemd.



Dei nye sokneråda!

Dei nye sokneråda i Vaksdal byrja 1. november og er valte for fire år. Dei har no konstituert seg og resultatet er å finne her. Fellesrådet har ennå ikkje konstituert seg, så det kjem me attende til.

Dale sokneråd: Frå venstre Eli Leiren (leiar), Lisbeth Skorpen (kasserar), Elisabeth Verpelstad (repr. i Fellesrådet), Anita Kjøndal (nestleiar), Trond Vaksdal (skrivar, vararepr. i Fellesrådet) og Maria Brekke. Varafolk er Renate Standal og Marion Gjermo Jakobsen. Sokneprest Frode Kvamsøe er og fast medlem i soknerådet.



Bergsdalen sokneråd: Frå venstre Anne Hilde Fosse Osvold (skrivar-, kasserar og vararepr. til Fellesrådet) Kari Kristin Hopperstad Rødland (leiar), Berit Pettersen (repr. i Fellesrådet) og Bjørg Berge (nestleiar). Varafolk er Ragna Lid og Dan Berge. Sokneprest Frode Kvamsøe er og fast medlem i soknerådet.



Eksingedalen sokneråd: Frå venstre Lars Patterson (repr. i Fellesrådet), Olaug Elisabeth Holth (nestleiar), Rune Jetmunn Nesheim (kasserar) og Kari Brørvik (leiar og skrivar). Varamedlem er Einar Trefall. Sokneprest Frode Kvamsøe er og fast medlem i soknerådet.



Stamnes sokneråd: Framme frå venstre Monica Dyvik (nestleiar), Anne Margrete Eikefet (repr. i Fellesrådet), Rune Gullbrå (1. vara), Eidrun S. Nordmann (skrivar). Bak: Vivian Farestveit (2. vara), Bjørn Stammesfet (leiar), Eli Marit Hvidsten (vararepr. i Fellesrådet) og Olaug L. Stammes (kasserar). Varafolk elles er Bjørn Samuelsen og Olav Arnstein Vik. Sokneprest Edvard Bø er og fast medlem i soknerådet.



Nesheim sokneråd: Frå venstre: Håkon Øvstdal (kasserar og vararepr. i Fellesrådet), Gøril Kvinge Nesheim (leiar), Anita Gullbrå (repr. i Fellesrådet) og Solfrid Urke Nese (skrivar). Varafolk er Arne Nesheim, Lars Bjarte Nesheim og Frøydis Gullbrå. Sokneprest Frode Kvamsøe er og fast medlem i soknerådet, og er nestleiar der.



Vaksdal sokneråd: Frå venstre: Heidi Rongved (repr. i Fellesrådet), Tormod Amundsen (nestleiar), Tove Margrete Nordmark (leiar), Siv Torlaug Hisdal (skrivar), Per Nordmark (vararepr. i Fellesrådet). Grete Loftheim Dale er og fast medlem. Varafolk er Oddvar Dale (kasserar), Anders Bøe, Truls Langhelle og Svein Hovlandsdal. Sokneprest Edvard Bø er og fast medlem i soknerådet.

Min salme

Denne salmen har eg sterke minne om frå tida som såkalla eittåring i Kabelvåg. Då eg kom dit kjende eg ingen, og kjende med dønn åleine. Då tenkte eg på det som stå i vers 2; Mennesker glemmer meg, Herre, du gjemmer meg fast ved ditt hjerte og nevner mitt namn, og kjende meg likevel ikkje gløymd av Gud. Eg fekk eit oppmuntrande brev frå dåverande prest i Vaksdal Kjell Arne Norum, og det hjelpte. Og ganske snart fekk eg kontakt med ein familie i nærleiken som næraast gjorde meg til ein av familiene. Det gjorde veldig godt. Eit anna minne om denne salmen er då eg var på misjonsbåten Elida. Dei spela musikk over høgtalarane ute på fjorden ein dag. Då var det ein ungdom som arbeidde i skogen som hørde dette, og på møtet me held den kvelden fortale han at det fekk han til å vende om til Gud den dagen.

Helsing John Alvheim

Jesus det eneste

Norsk Salmebok nr. 422

T: Ole Theodor Moe 1904

M: Caroline Vollå Sørli omkr 1910

1 Jesus, det eneste,
helligste, reneste
navn som på menneskelepper er lagt!
Fylde av herlighet,
fylde av kjærlighet,
fylde av nåde og sannhet og makt!

2 Motganger møter meg -
aldri du støter meg
bort fra din hellige, mektige favn.
Mennesker glemmer meg,
Herre, du gjemmer meg
fast ved ditt hjerte og nevner mitt navn.

3 Herre, du høre meg,
Herre, du føre meg
hvordan og hvorhen det tjener meg best!
Gi meg å bøye meg,
lær meg å føye meg
etter din vilje mens her jeg er gjest!

4 Du er den eneste,
helligste, reneste.
Gi meg ditt rene og hellige sinn!
Frels meg av snarene,
fri meg fra farene,
ta meg til sist i din herlighet inn!

John utfordrar John Arne Hvidsten til å skrive om sin salme i neste nr. av Kyrkjebladet



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølv sagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



Dale: Baby- og småbornssong med sysken som hjalp til på Dale.

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore baby - og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Trusopplaerar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og me nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff og såpebobler. Sjå meir info under «Vegen vidare».



Knøttesong: På Dale har det innimellom vore fullt hus og stormande jubel.

Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det har vore kjekke samlingar med både kjende og nye fjes - koseleg! Alltid fint å vera saman, både når det er få, og me blir meir kjende, og det er mange som får myldra ilag!

Generasjonssong på Dale og Vaksdal

Ein tysdag i månaden har det i haust vore Generasjonssong på sjukeheimane på anten Dale eller Vaksdal. Dette er eit samarbeid med Frivilligsentralen som har steikt vafler til alle, og Gro Karin Fosse har vore med som pianist fleire gongar, til stor glede for små og store! Kjekke songstunder for fleire generasjonar!



Generasjonssong: Fleire generasjoner samla seg til song på Dale (biletet til venstre).

Olav, mamma og oldemor kom saman til generasjonssong på Vaskdal.



Onsdagsklubb: Tårnbygging på Vaksdal.



Etter skuletid: Etter ei matstund er det hobbyaktivitetar for dei som vil.

Onsdagsklubb på Dale og Vaksdal

I haust har me halde fram med «Superronsdagar» på Dale og Vaksdal, med samlingar for fire ulike aldersgrupper på same dag, vekselvis på Vaksdal og Dale, som de serover og under her. Onsdagsklubb er eit tilbod til born i 1.-4.klasse, der me syng, fortel, leikar og har ei hobbyaktivitet.

Etter skuletid på Dale og Vaksdal

Med Etter skuletid får born som går i 5.-7. klasse eit tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, vekselvis på Dale og Vaksdal. Borna har fått pølser og saft, og kunna spelt spel eller gjort ulike hobbyaktivitetar, alt etter kva dei har villa sjølv. På Vaksdal er det ein kjekk gjeng som er saman i kyrkja etter skulen, og det rår eit koseleg kaos.





Hjarte: Stamnes barnekor såg på då hjartet blei tent på kyrkja.



Framsyning: Stamnes barnekor med Liv og Eidrun i spissen som Abraham og Sara.

Baby- og småbornssong på Stamnes og Stamnes barnekor

På Stamnes har Monica og Kristin hatt songsamlingar i bedehuskjellaren ein torsdag i månaden i haust. Og kvar torsdag ettermiddag har Stamnes barnekor øvd i bedehuset. Me har fokus på songglede og leik, og har det kjekt saman, både på øving og når me framfører. I løpet av øvinga fortel ein av leiarane ein bibelhistorie, og i haust har me fortalt og leika oss gjennom historiar frå Gamletestamentet, hjulpe av verktøyet «Tidslinjen» som viser dei store linjene i Bibelen.



Nyetestamentet: Tiåring på Stamnes.



Nyetestamentet: Tiåringar med NT på Vaksdal.

Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

Tiåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk Nytestamentet under kvar si gudsteneste 19.november, samstundes som 4-åringane fekk bøkene sine.



Fireårsbok: Fireåringar på Dale.

Fireårsbok: Fireåringar på Vaksdal.

Utdeling av Nytestamentet på Stamnes og Vaksdal

Fireåringane bygdene har fått fireårsbøker under kvar sine gudstenester i haust. Desse gudstenestene prøver me å tilpassa borna mest mogleg, både når det gjeld innhold og lengde. I dei fleste bygdene var det òg fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalender, basert på julekrybba. Ein konge leitar etter Jesusbornet, og må gå på 24 stjerner i desember for å koma fram til Jesus i krubba, saman med Maria og Josef.

Konfirmantane

Konfirmantåret 2023-2024 er godt i gong, og konfirman- tane har allereie delteke på fleire ulike aktivitetar, blant anna leir i Eksingedalen og samlingar i større og mindre grupper. Nytt av året er at me deler konfirmantane i tre mindre grupper og samlar tolv om gongen tysdagar og torsdagar etter skulen. Me et enkle måltid, og har fokus på å prata og undra oss saman.





KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

SUPERONSDAGAR FRÅ 24. JANUAR

0-13 år

SUPERONSDAGAR på Vaksdal og Dale

Me heldt fram med Superonsdagar vekselvis på Vaksdal og Dale, og startar 24. januar på Vaksdal. Desse onsdagane er det til saman fireulike samlingar for born mellom 0 og 13 år.

0-2 år

Kl. 11.30-13.30: Baby- og småbornssong

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølv songstunda er ca. kl. 12. Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar! Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

5.-7. trinn

Kl. 14.00-15.00: Etter skuletid

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing. Varmt måltid (pølser) til alle!

1-5 år

Kl. 17.00-18.00: Knøttesong

Me heldt fram med onsdagsklubb for småtrinnet klokka 18.15-19.15! Her har me fyrst ei songstund, så dramatiserer me ei forteljing frå bibelen saman, og snakkar litt om kva gode ting me kan læra av den, og til slutt er det hobby og frukt. Også dette er vekselvis i Dale bedehus (oddetalsveker) og Vaksdal kyrkje (partalsveker), ut november.

1.-4. trinn

Kl. 18.15-19.15: Onsdagsklubb

Samling med ulike aktivitetar for alderstrinna. Song, leik, hobby og forteljing. Litt ulike ting kvar gong.

FRÅ FEBRUAR

0-5 år

Baby- og småbornssong på Stamnes

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein torsdag i månaden, datoar vert annonserat seinare.

27.-28. JANUAR

Tårnagenthelg

Siste helga i januar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølvsgart står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.

8 år



3.-4. FEBRUAR

Lys Vaken

Fyrste helga i februar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!

11 år



4. FEBRUAR

Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 4. februar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Gudstenesta kan alle sjølvsgart koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vakenopplegget eller ikkje!

11 år

Tankar frå trusopplæraren

Denne gongen vil eg dela to dikt eg harskrive. Det fyrste er eit juledikt, det andre er eit nyttårsdikt.

Eg håpar du har det godtder du er, med dei du er saman med. Hugs at lyset og håpet finst!

Å
vera
eit grantre
er greitt nok det
men
tenk å få
skina som juletre
lysa opp
krokar i hus og sinn
lytta når klokkene ringjer inn
til glede
og fest, erindring og fred
små strekkjer seg opp, store bøyar seg ned
set beste med jula: at folk ser kvarandre
sei rekker ut handa og vil
hjelpa
andre

Snart er det morgen
på trappene står
eit vakkert, unikt
og nysprunge år
kanskje det rommar
lovande smil
hender som leier
og blikk utan tvil
Du som før tapte
kan endeleg vinna
du som har mista
må du etter finna
kjærleik og latter
som boblar inst inne
skapa dei nye
og finaste minne



60-års bryllaupsdag i Stamnes kyrkje

Laurdag 22. juli fekk me besøk av Anne Margrete og Johan Fredrik Øvrevik frå Øystese, saman med 14 vener og familiemedlemar.

Anne Margrete er født Jakobsen, oppvachsen på Eidsland og dotter av dåverande organist Joakim Jakobsen. Dei vart vigsla i Stamnes kyrkja av sokneprest Gudmund Skiftun, laurdag 20. juli 1963. Samtale før bryllupet hadde dei med residerande kapellan Tveit. Brura sin far var organist. Me trur ikkje «nye-orget» (dagens orgel) var installert då.

Då Anne Margrete og Johan Fredrik var på veg innover kyrkjegolvet stemde organist Frode Vik i med ein brudemarsj - til stor begeistring og overrasking! Monica hadde diskopp med litt drikke, frukt og sjokolade. Dei fekk ei omvising i kyrkja og Frode Vik viste dei dagens orgel og korleis det



Besøk: Soknerådet sytte for ei omvising og aldri så lita feiring inne i kyrkja. Heilt til høgre står soknerådsleiar Bjørn Stamnesfet.

kunne spelast på. At Frode tok seg tid til dette sette dei veldig stor pris på.

Det var opphavelig ka-

pellet på Eidsland som var «booka» for anledninga, men då dagen nærma seg viste det seg at her var det nokon som ikkje

hadde fått dette med seg, og hadde starta bygnings- og reparasjonsarbeid på kapellet der. Det vart litt styr av dette, men det vart ordna med rom for skifting av klede med meir i det som då vart kalla «prestestova», det vil seie forgjengaren til bedehuset.

Som ein ser av det originale brudebildet var det mykje bunader og -utstyr som skulle vera med og nyttast. Det var i Stamnes kyrkja at Anne Margrete vart konfirmert, so det var heilt greitt for ho å verta vigsla der.

Gratulera med jubileet, Anne Margrete og Johan Fredrik!

**Helsing
Stamnes sokn**

Bedehusbasar på Stamnes

Årets bedehusbasar på Stamnes vart avvikla i tradisjonell stil og med smekkfullt hus 23.11. Stamnes barnekor, ei ung gruppe flinke fløytelever med Sunniva Gammersvik som lærar, andakt og god kveldsmat var med på å laga god og triveleg stemning. Loddbøker, lynlotteri og åresalg, gav tilsaman om lag 40 000 kr i inntekt til bedehuset, i skrivande stund er basaren nettopp avslutta og finteljing

ikkje gjort, men styret for bedehuset er svært nøgde med og takksame for resultatet. Dette er ein kveld som mange ser fram til, og både stemningen og resultatet syner at bygda set pris på bedehuset sitt! Huset treng ein del naudsynt vedlikehald, og alt kostar pengar. Med anna skal taket isolerast i nærmeste framtid. Ein hadde mange ivrige unge med hjelparar til å dela ut gevinstar, såg ut som nett



Bedehusbasar: Stamnes barnekor song.

DET var kjekkare enn å sjå på eigne nummer! Det lovar bra for framtida og dugnadsånda! Hjarteleg

takk til gjevarar, loddkjøparar og alle for fint resultat og ein kjekk kveld!



Bryllaupsdagen: Anne Margrete og Johan Fredrik Øvrevik på bryllaupsdagen.

BAD BROOKS

COUNTRY Christmas

8. DESEMBER - Stamnes Kyrkje
14. DESEMBER - Vaksdal Kyrkje
15. DESEMBER - Dale Kyrkje



KONSERTSTART
KL. 19.00

Billetter kjøpes på ticketmaster.no eller ved inngangen. Inngang: 200,-

ticketmaster®



DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00

Søndagsskule i kjellaren kl. 11.30
same dag som storsamlinga.

10. desember

21. januar

11. februar

3. mars

Formiddagstreff torsdag kl. 11.30, med andakt, song og musikk, matpause m.m.

Torsdag 18. januar:

Gjester: Ingunn og Leiv Nesheim

Torsdag 22. februar:

Gjester: Ellen Haugland og Ingunn Nøkland.

Torsdag 21. mars:

Gjest: Reidun Skurtveit

Bibeltime: Torsdag 25. januar

Laurdag 6. januar kl. 16.00:

JULETREFEST for små og store! Gratis inngang.

Arr: Soknerådet og Indremisjonen

STANGHELLE BEDEHUS

Onsdag 10. januar kl. 19.00:

Møte ved Reidun Skurtveit

Onsdag 7. februar kl. 19.00:

Møte ved Solveig Hosøy

Onsdag 20. mars kl. 19.00:

Møte ved Leiv Nesheim

DALE BEDEHUS

Onsdag 13. desember kl. 17.00:

Feiring av Dale bedehus 25 år!

Matøkt. Tale ved Asle Hetlebakke.

Søndag 7. januar kl. 17.00:

JULEFEST!

Laurdag 24. februar kl. 12.00

Risraut og utloddning

Laurdag 2. mars og

søndag 3. mars kl. 18.00

Bibelhelg ved Asle Hetlebakke

Onsdag 13. mars kl. 19.00

Møte ved Øyvind Samnøy

(Misjonssambandet)

Konfirmantjubilantar på Dale og Vaksdal



50-årskonfirmantane i Dale kyrkje 15. oktober:

1. rekke fra venstre: Ingelin Langhelle Birkeland, Bjørg Fosse, Sølv Helle, Grethe Svalland, Åse Lønne, Margot Garnes. 2. rekke fra venstre: Martha Rønhovde Fyllingslid, Turid Birkeland Johansen, Linda Tollefsen, Ruth Lid Kyrkjeteig, Kari Standal Nielsen, Sigrun Beate Døssland Olsen, Frode Kvamsøe. 3. rekke fra venstre: May Brit Risnes Iversen, Margareth Moberg, Gro Karin Fosse, Nina Heimdal. 4. rekke fra venstre: John Fosmark, Knut Bjørvik, Sæbjørn Langhelle, Per Arild Lid, Arnold Vik, Vigleik Ypsøy.



60-årskonfirmantane i Dale kyrkje 15. oktober:

1. rekke fra vestre: Jane Helle, Marny Rongved, Ingunn Bergstad, Kari Kvamme Berge. 2. rekke fra vestre: Svein Thore Ystheim, Bjørn Forthun, John Ove Thaule, Kjølv Berge og Frode Kvamsøe.



50-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 8. oktober:

Fra venstre: Odd Hisdal, Heidi Thunes Fanebust, May Britt Torkildsen, Øyvind Jacobsen, Hans Aadland, Anne Berit Boge Straume, Evelyn Langhelle, Odd Arild Tysnes, Odd Jørjan Oldervik og Edvard Bø.



60-årskonfirmantar i Vaksdal kyrkje 8. oktober:

Fra venstre: Nils Jamne, Inger Merete Skage, Harriet Skage, Annbjørg Bøe, Sjur Harald Gjerde, Odd Erik Kvamsøy, Alf Kristian Herfindal, Kari Faugstad Hausvik og Edvard Bø.

Mange har ikke råd til å feire jul

Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!



Gi en julegave på **vipps 13130**



Blå Kors



Illustrasjonsfoto



Takk:Takk til alle som bidrog.

Flygelfesten i Vaksdal kyrkje 20. oktober

Flott song og musikk, eit begeistra publikum og eit langbord i midtgangen fylt med kaker, kaffi, te og saft.

Takk til alle som bidrog med musikk, song og kakebaking!

Og takk til alle som kom og var med på å gjera dette til ein skikkeleg fest!

Vaksdal sokneråd



Nytt flygel: Frode R. Vik og Hege Eide Vik.

Minnegudstenesta på Stamnes Nyårsaftan

Som tidlegare meldt har me no to minnegudstenester i Vaksdal. Den eine var på dale fyrste søndagen i november, og den

andre vert i Stamnes kyrkje nyårsaftan kl. 15.00. Den minnegudstenesta gjeld for sokna Stamnes, Eksingedalen og

Nesheim. Då tenner me lys for og les opp namna til dei som har hatt gravferd eller bisetting med kyrjeleg deltaking

det siste året i dei sokna. Minnegudestensta er open for alle som vil koma, uansett kor dei bur.



11. desember er siste gong før jul. Denne gongen med adventspreg med quiz og litt ekstra god servering.

OBS! Endringar på JULAFALTAN

I år vert det gjort endringar i høve kvar og kva tid der er gudstenester på julaftan. Endringane gjeld på Eidsland, som får julegudsteneste, og på Dale som får ei julegudsteneste mot tidlegare to.

Her er det gudstenester i Vaksdal på julaftan:

Eksingedalen kyrkje	kl. 12.00
Stamnes kyrkje	kl. 13.00
Eidsland kapell	kl. 14.00
Dale kyrkje	kl. 16.00
Vaksdal kyrkje	kl. 16.00

Sjå elles lista over gudsstenestene bak i Kyrkjebladet.



**Vi har stillas
med hengar til leige.
Telefon 481 44 680**

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.



STEINRIKET
DALE AS

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

Sæterdal
Elektro



Me leverer alt innan
elektrikartenester.

Tlf. 565943 00



SparebankenVest
– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



IdéHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

**Vangen
Elektriske**

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
 - Levering av mat
 - Minnesamvære
- Tlf. 93 213 213

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:
 # Petersens Handleri
 # Dale kyrkje
 # Kyrkjekontoret
 # www.zeth.no
 Pris kr 380,-



Vaksdal

BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ
- omsorg ved livets slutt -



DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

toVi
 Elektro

Tlf. 417 94 104
 E.post: tommy@tovielektro.no



DALETEC



NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ

AVD. VAKSDAL

ALLTID HER FOR



Ditt lokale
gravferdsbyrå



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

- | | |
|-------|----------------------------|
| 01.10 | Ilai Dahle Sandvik |
| 15.10 | Nivia Da Costa Kjøndal |
| 15.10 | Maria Zofia Skaar Glowacki |
| 12.11 | Josefine Straumsheim Boge |

Stamnes

- | | |
|-------|-------------------|
| 15.10 | Rune Ailo Straume |
|-------|-------------------|

Vaksdal

- | | |
|-------|-----------------------|
| 29.10 | Odin Byrkje Hansen |
| 05.11 | Olav Wefring Engelsen |



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

23.09	Margit Berge	1926
13.10	Harry Standal	1954
19.11	Oddvar Faugstad	1944
22.11	Ole Knut Olsen	1957

Vaksdal

23.11	Bjørn Knutsen	1946
-------	---------------	------

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 4. februar - Kristi forklæringsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Vegen-gudsteneste / Lys Vaken-helg. Kvamsøe. Dåp.
Bønevandring. Kyrkjekaffi.

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 15.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte?

Søndag 11. februar - Fastelavnssøndag

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 18. februar - 1. søndag i fastetida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte?

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte?

Søndag 25. februar - 2. søndag i fastetida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi?

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00

Familiegudsteneste. Kvamsøe. Bønevandring. Kyrkjekaffi.
Årsmøte.

Søndag 3. mars - 3. søndag i fastetida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.
Nattverd. Årsmøte?

Søndag 10. mars - 4. søndag i fastetida


VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi?

Søndag 17. mars - Maria bodskapsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.



Returadresse: Kyrkjebladet for Vaksdal
Postboks 113, 5721 Dalekvam

Søndag 3. desember - 1. søndag i adventstida

STAMNES KYRKJE kl. 16.00

Lysmesse. Konfirmantane og Bø. Dåp.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00

Lysmesse. Konfirmantane og Bø.

DALE KYRKJE kl. 20.00

Lysmesse. Konfirmantane og Kvamsøe.

Søndag 10. desember - 2. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00

Lysmesse. Kvamsøe.

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00

Lysmesse. Kvamsøe. Kyrkjekaffi.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00

Lysmesse. Bø. Kyrkjekaffi.

Søndag 17. desember - 3. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Julaftan - 4. søndag i adventstida

EKSINGEDELAEN KYRKJE kl. 12.00

Julegudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00

Julegudsteneste. Bø.

EIDSLAND KAPELL kl.14.00

Julegudsteneste. Kvamsøe.

DALE KYRKJE kl. 16.00

Julegudsteneste. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00

Julegudsteneste. Bø.

1. Juledag

DALE KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida)

Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida)

Høgtidsgudsteneste. Bø. Kyrkjekaffi?

STAMNES KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida)

Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd

Nyårsaftan

STAMNES KYRKJE kl.15.00

Minnegudsteneste for Stamnes, Eksingedalen og Nesheim sokn. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15

Midnattsmesse. Kvamsøe.

Nyårsdag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Søndag 7. januar - Kristi openberringsdag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi?

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 14. januar - 2. søndag i openberringstida

DALE KYRKJE kl. 11.00

Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 21. januar - 3. søndag i openberringstida

STAMNES KYRKJE kl.11.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00

Gudsteneste. Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Søndag 28. januar - Såmannssøndagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00

Vegen-gudsteneste / Tårnagent-helg. Bø og Normann.

Bønevandring. Kyrkjekaffi.



Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.kyrkja.no/vaksdal for eventuelle endringar.
Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss de ynskjer dåp.



*Bunad og stakkastovo as
ny bunad
omsøm
bunadsølv
tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00
Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen
www.bunadogstakkastovo.no*